

**ÅRSSKRIFT 2017**  
**AGDER**  
**HISTORIELAG**  
**NR. 89**

Redaktør Johnny Haugen

Redaksjonssekretær Borghild Løver

Utgiver:  
Agder Historielag  
Lokalhistorie siden 1914  
Kristiansand 2017



## Noen som kjenner deg

Du har kanskje kjent oss hele livet  
– eller så har vi nettopp blitt kjent.  
Uansett – vi er der du er.

# Hans Seland (1867-1949)

## Bonde og litterær altmoglemann

Av Oddbjørn Johannessen


*Hans Seland's litterære produksjon var svært omfattande. Mellom 40 og 50 titlar – med smått og stort – kom det frå hans penn, og han boltra seg i dei fleste litterære sjangrane. Ja, han må vel kunne kallast ein litterær altmoglemann. Det seier seg sjølv at i ein relativt kort artikkel som dette er det berre plass til å gjera punktnedslag i nokre få av dei. Dei fleste er presenterte og omtalte i to biografiske verk: Hans Seland. En profil (1949) av Morten Ringard og Hans Seland. Diktaren og mennesket (1966) av Einar Arne. Trass i den omfangsrrike produksjonen er Seland ein forfattar svært få kjenner til i dag. Markeringa av at det i år er 150 år sidan han blei fødd på garden Seland i Nes ved Flekkefjord, kan vonleg retta litt på det.*

### Debuten

Han debuterte som diktar i 1890 – eit særmerkt år i norsk litteraturhistorie. Ein ny generasjon gjorde seg til dels høglydt gjeldande, og dei kravde eit oppbrot frå – og eit oppgjer med – realismen og naturalismen. Knut Hamsun skreiv programskriftet «Fra det ubevidste Sjæleliv», og Vilhelm Krag's sanselege dikt «Fandango» blei opplese i Studentersamfundet i Kristiania. Den nye litteraturen i 1890-åra kom

HANS SELAND (1867–1949) kom frå Nes ved Flekkefjord. Han var bonde, målmann og forfattar. I år er det 150 år sidan han blei fødd.

FOTO FRÅ STATSARKIVET I KRISTIANSAND



til å følgja to hovudspor: Nyromantikk og heimstaddikting. Hamsun og Krag var faneberarar for nyromantikken, medan Hans Seland høyrer klart heime mellom heimstaddiktarane. Det finst likevel nokre dikt i debutboka hans – eit tynt hefte med tittelen *Ungdom. Espen sine songar* (1890) – som nok ikkje er heilt upåverka av den nyromantiske vendinga/»tidsånda». Eit døme på det kan vera det vesle diktet han gav tittelen «Likesæla»:

Det var liv for guten du:  
Ikkje tenkja, ikkje tru,  
Bry seg skam um kvar ei gjenta,  
Gløyma kyss og elskhugskjæla,  
Ikkje kjenna lengt og fæla,  
ikkje sakna, ikkje venta,  
ikkje trega nokon ting,  
sova trast ein kom i seng,  
og la væra traa og træla!  
Sæle, sæle likesæla!

Fæle, fæle – ingenting!  
(s. 13)



FORFATTAREN HANS SELAND vaks opp på garden Seland utanfor Flekkefjord. I dag er han rekna som ein av dei viktigaste nynorske heimstaddiktarane som debuterte på slutten av 1800-talet.  
FOTO FRÅ STATSARKIVET I KRISTIANSAND

Merkelappen «heimstaddiktar» har ofte vore brukt som ei litt nedsetjande nemning på forfattarar som skriv nærsynt om sitt eige lokalmiljø. Seland syner i sine beste bøker ei innsikt i menneskesinnet som lyftar han over ein slik snever definisjon av omgrepet. Sjølv om ein del av romanane hans fyrst og fremst er folkelivsskildringar, og slik sett passar godt inn i det dei fleste assosierer med heimstaddikting, så er det meir rimeleg å sjå nokre av dei andre, t.d. hovudverket hans – trilogien om Tore Herdal (1902–1917) – som gode døme på psykologisk realisme.

Kristofer Uppdal skreiv ein omtale av trilogien i 1917, og i innleiinga freistar han å plassera Seland slik i den norske bokheimen:

Seland steig fram som diktar i 1890, men høyrer etter innhald og form til diktarlaget frå siste holva av åttiåra, då landsmålsbokavlen hadde ein stor vår, med fleire sterke og sermerkte namn (...). Vestlendingarne var fjølgast, med Per Sivle, Jens Tvedt, Rasmus Steinsvik og Rasmus Løland. Men dei andre landsluter hadde òg møtt fram, med trønderen P. A. Scheflo (...), og austlendingen Ivar Mortensson, og sørlendingen Vetle Vislie og Gunnar Rysstad. Seland kom sist i flokken. (Uppdal 1965: 44.)

Det må vera rett å seia at grunntonen i alt Hans Seland skreiv er strengt realistisk, og i sin sjølvbiografi, *Aar og dagar* (1931), presenterer han allereie i det fyrste avsnittet nokre litterære inspirasjonskjelder:

Paa veggjene rundt meg heng bilæte av kjende kvinner og menn: Ivar Aasen, Vinje, Blix, Garborg, Lie, Bjørnson, Olav Rusti, Bolette C. Pavels Larsen. Dei hev livt i mi tid alle, og tek eg undan Vinje so hev eg set dei alle, og tala med dei fleste. Summe var mine kjære kjære vener i lange tider (s. 5).

Sjølv om grunntonen er realistisk, kan ein likevel bakom det heile skimta ein litt antimoderne idealisme som nok kan kallast romantisk. Det at han i mesteparten av sitt vaksne liv kombinerte diktargjeringa med bondeyrket, gjorde nok sitt til at både mannen og diktverket blei jordnært. Hovud-

EIN UNG HANS SELAND i siste halvdel av 1890-talet. På denne tida hadde han alt gjeve ut sine fyrste bøker og han kom sidan til å markera seg som både lyrikar, romanforfattar, barnebokforfattar og sakprosaforfattar – for berre å nemna nokre av dei sjangrane han var innom.

FOTO: AUGUST HARALDSSON (1857–1899), CHRISTIANIA




prosjektet hans var å lyfta fram verdiane (og slitet!) i det sørvestlandske bondesamfunnet som han kjende så godt – og å demonstrera at nynorsk er ei naturleg målform å dikta på. Litterær altmoglemann? Utan tvil. Hans Seland var både lyrikar (han skreiv òg salmar), romanforfattar, barnebokforfattar sakprosaforfattar, sogeforteljar, essayist, journalist og omsetjar.

### Romanforfattaren (folkeliavsskildringar og psykologiske romanar)

Seland skreiv ei rekkje romanar og forteljingar. Dei fleste vil det, som nemnt, vera naturleg å klassifisera som realistiske folkeliavsskildringar, der det viktigaste nok har vore å skildra det bygdelivet han kjende, så truverdig som mogleg. Slik sett er fleire av desse bøkene meir å forstå som folkeopplysing og kulturformidling i skjønnerlitterær form enn som litterære kunstverk. Her vil hovudvekta bli lagt på trilogien om Tore Herdal, men eg vil òg kommentera nokre sider ved *Søren Lande. Bygdeliv på Vest-Agder* (1895) og *Høgsumar* (1903), og eg startar med dei to sistnemnde.

Romanen om Søren Lande er ei humoristisk folkeliavsskildring utan spesielt dramatiske høgdepunkt – men på *eitt* nivå skil han seg likevel frå den mest harmoniserande bygdediktinga: Søren og kona Grete tek seg av oppfostringa av ei dotterdotter som er fødd utanfor ekteskap – utan at det finst nokon moralsk peikefinger på forteljarplanet i boka. Her er Seland overraskande moderne. Lesaren anar nok at det i bygda vankar ein del sladder om dottera Guri som har fått eit «uekte» barn, men slikt vil ikkje Søren høyra tale om: «Kan kje gjenta vera like god for *det*? Kan kje ulykka råka kven det er?» (s. 11).



FONNA FORLAG  
**Søren Lande**  
Av Hans Seland

Søren og Grete framstår som eit triveleg par. Dei kan nok erta kvarandre litt, men tonen i heile forteljinga er godmodig. Dei trivst med kvarandre, og dei trivst med livet på småbruket. Dei stiller ikkje store krav. Eit skår i gleda er det at sonen Sigvald har emigrert til Amerika – men så kjem han heim att med både pengar og godsaker, og alt kjem på stell.

*Søren Lande* har vore ein av dei mest lesne Seland-romanane, fyrst og fremst på grunn av den sjarmerande, folkelege humoren. Forfattaren valde å innleia boka med ei språkpolitisk markering – ved å trykkja heile Ivar Aasens kjende dikt «Gamle Grendi» mellom tittelbladet og sjølve romanteksten.

ROMANEN SØREN LANDE kom ut for fyrste gongen i 1895 og er ein av dei mest lesne bøkene til Hans Seland. Bokomslaget på denne utgåva er teikna av G. Gjerding (1942).

Romanen *Høgsumar* om Sigmund og Helga som berre er gode med kvarandre, er ei «demonstrativ» forteljing på det viset at han omhandlar eit fullstendig harmonisk ekteskap – ein protest mot det Seland oppfatta som tendensar til hyllest av dekadanse og sedløyse i den naturalistiske og til dels òg i den nyromantiske litteraturen. Det er særleg interessant å merka seg at denne forteljinga vart kritisert frå to ulike posisjonar:

Ho er for ljøs og lett og menneska for lytelause. Difor er ho usann. Livet er ikkje slik. – Og ho er for erotisk open og skildrar samlivet mellom ektefolka for ublygt. (E. Arne 1966: 72–73.)

Romanen vart altså (av ulike lesarar) både oppfatta som for «moralsk» og som for «umoralsk». Ein av meldarane var sær negativ: «Mykje er beinfram ufysse å lesa. Som t.d. den lange, klisne lekse om sengelæga». (op.cit.: 73) Det er vel skildringa av bryllaupsnatta han tenkjer på – der språket rett nok er erotisk farga, sjølv om det heile er so



HANS SELAND GIFTA SEG i 1896 med lærarinna Serena Malde frå Rogaland. Ho var likeins med ektemannen engasjert i sosialpolitiske spørsmål, og deltok mellom anna i kvinnenes underskriftskampanje for unionsoppløysinga i 1905. Som lærarinne var ho dessutan til god hjelp for ektemannen i arbeidet med bøkene.

FOTO HANS SELAND: P. FLOBERG, BERGEN - FOTO SERENA MALDE: CARL KØRNER, STAVANGER

kamouflert i poetiske bilete at ein notidslesar, som er van med meir direkte tale, knapt vil merka det:

Han kjende med fysna si kraft auka og sin vilje veksa. Han kjende seg baade eldre og yngre enn fyrr. Eldre i vit og umdøme, yngre og djervare i mod og framtak.

Og henne saag han spretta som ein roseknupp, verta varmare og mjukare; meir og meir kvinna, som sjølv han fyrst no kjende seg heilt mann. (Seland 1903: 92–93.)

*Høgsumar* kan lesast som ein insisterande høgssong til den harmoniske kjærleiken mellom to som lever i pakt med naturen, Gud og kvarandre. Arne Garborg, Anders Hovden og Severin Eskeland var positive til romanen.


Harmoni finst det derimot lite av i trilogien om Tore Herdal. Hans Seland oppfatta sjølv denne som sitt skjønitterære hovudverk – og etter mitt syn er det ei rimeleg vurdering, fordi han her når eit høgdepunkt som psykologisk menneskeskildrar. Verket er dessutan interessant i ein komparativ kontekst. Han kom til i den epoken som vi i høve til norsk, litteraturhistorisk tradisjon gjerne kallar nyrealismen. Det å skriva fleirbindsromanar var så å seia ein «tendens» i tida. Både Hans Seland sjølv og mange av dei som har skrive om trilogien, har vore inne på at den lange produksjonstida (15 år) har vore uheldig, sidan det her eigentleg er tale om *ein* roman i tre delar – ikkje tre separate forteljingar. Kristofer Uppdal formulerte det slik:

Alle tri bøker er leder i ei forteljing. Ein må sjå på dei som ei bok i tri bolkar, livslagnaden til Tore Herdal. Tore blir då både større og meir forvitneleg, ikkje heilt vanleg. (Uppdal 1965: 46.)

Fyrst i 1966 kom dei tre delane ut i eitt bind. Einar Arne, som var ansvarleg for denne utgåva, sytte òg for ei viss modernisering av språket – og det er denne eg siterer frå i det følgjande.

Tore slit med ein nedervd, stri og sjølv-oppteken natur. Den har han fyrst og fremst frå farsætta. Samtidig har han ein sterk trong til å tilfredsstilla Gud. Det er – med andre ord – sterkt motstridande krefter som gjer livet hans utfordrande. Morten Ringard samanliknar Tore Herdal med

I ÅRA 1902–1917 gav Hans Seland ut trilogien om Tore Herdal. Bokserien kom fyrst ut i dei tre binda *Synkvervd* (1902), *Tvo herrar* (1911) og *Vegvill* (1917), seinare som samla bokverk (1966). Seland såg sjølv denne serien som sitt skjønitterære hovudverk.



Peer Gynt, og det er ei tolking som kan ha mykje føre seg, sjølv om Ibsen ikkje var mellom Seland's viktigaste læremeistrar. Tore er, som Peer, ein mann som i høg grad set seg sjølv i sentrum. Ja, det kan argumenterast for at han er «seg sjølv nok». Den fyrste boka i trilogien har tittelen *Synkvervd* (1902) – noko som kan oppfattast som ein allusjon til scena der Dovregubben vil rispa Peer Gynt i auga slik at synet blir «vrent». Den som er synkverva, har mista evna til å skilje mellom rett og galt, stygt og vakkert. Det å på eit eller anna vis vera fortrolla vert nemnt allereie i det fyrste avsnittet i *Synkvervd*:

Frelst! Frelst!

Det song for øyro hans Tore då han gjekk heim frå Førland den kvelden. Det skalv og tona i kvar nervestrengen. Han var fri, han var utløyst – etter trylt og trollriden å ha vore. Aldri hadde han kjent seg så lett og glad og god.

Det var einast Guds makt og nåde å takka. Han hadde sjølv fått framgang i sitt – åh! Han torde aldri tenkja på det eingong! Blodet stiv-fraus i ein av fæle. Kvar hadde – kvar hadde han vore med tankane sine? (s. 9)

Etter denne dramatiske innleiinga *in medias res* får lesaren vita kva som ligg attom. Forteljinga rykkjer litt tilbake i tid, og vi får høyra at Tore har vore på fest, og der har han hamna «to-eine» med Johanna frå nabogarden Førland. Ho er blitt med barn, men han har ikkje tenkt å gifta seg med henne. Han er ikkje ein gong forelska i henne. Ho er både fattig og lite attraktiv. Gabriel Herdal, Tores far, overtyder han om at han må sverja frå seg farskapen – men noko kjem i vegen, slik at den tillyste farskapssaka vert utsett. Tore har kjent eit stikk i samvitet med tanke på å skulle sverja falsk eid, og han oppfattar utsetjinga som ei Guds styring. Han drar til Førland, mot farens vilje, for å fri til Johanna – og det er denne løysinga som ligg attom den kjensla Tore gjev uttrykk for i innleiinga.

Faren kastar Tore ut frå barndomsheimen, og Tore og Johanna reiser til byen og giftar seg etter at dottera Torborg er fødd. Dei buset seg mellombels på Førland hjå hennar folk. For å kunna brødfø den vesle familien sin reiser Tore til Amerika for å leggja seg opp pengar. Etter ei stund har han tent sopass at Johanna kan få kjøpt ein liten heiegard. Dei slit på kvar sin kant av Atlanteren for å få det heile til å gå i hop – og so hender det noko som set dei bae på prøve. Bror til Johanna, Lars, har sett barn på ei jente. Han kjem til Johanna og vil låna pengar for å kjøpa seg fri. Ho nektar først, men gjev han pengane når han trugar med å ta sitt eige liv. Rykta om dette når fram til Tore i Amerika, og vi forstår at det er Gabriel, Tores far, som har sørgt for det. Tore kjem overraskande heim for å greia ut i dette, og tilhøvet mellom han og Johanna vert etter kvart iskaldt. Ein dag forlèt han Johanna og dottera og reiser attende til Amerika. Johanna, som er med barn nok ein gong, fell ned i ein djup depresjon. Dei to neste åra høyrer ho ikkje eit ord frå ektemannen. Systema hennar, Randi, som skulle ha gifta seg med ein kar frå Arendal, flyttar inn hjå henne for å ta seg av Torborg og den nyfødde – ein gut som får namnet Jon. Johanna blir alvorleg sjuk og døyr. *Synkvervd* sluttar med at Tore, som sjølv sagt har vore plaga av dårleg samvit, endeleg skriv eit brev til henne. Det kjem fram ei veke etter at ho er død.

Det går heile ni år før Hans Seland tek opp att Tore Herdal. *Tvo herrar* kom ut i 1911, og tittelen peikar på den konflikten han strir med – mellom Gud og Mammon. Han

strevar framleis med samvitet, men syner – lik Peer Gynt – ei godt utvikla evne til å rettferdiggjere sine egne val. No vil han nytta høvet til å tena seg rik før han reiser heim, og ein rask veg til rikdom er å satsa på ei verksemd som «saloon-keeper». Eventuelle innvendingar mot å tena pengar på andre si ulukke, argumenterer han seg ut av:

Kvi kunne ikkje han selja drikke-vare når andre kunne, Whiskey og øl ville folk ha. Kvi kunne ikkje han taka centane likeså vel som ein annan? Var ikkje skillingen like rein om arbeidet var skite? Han var då ingen farisæar som ville vere betre enn andre folk? (s. 89)

For at rekneskapen med Gud skal gå opp, passar han på å halda kviledag på sundagane, gå i kyrkja og gje godt i kollekten. Likevel: Ein dag har han både tent nok og fått nok, og han reiser heim til gamlelandet. Tenesten for den eine herren er over. No er det tid for den andre. Tore Herdal vert vekkingspredikant – og i den rolla har han ein periode stor suksess. Folk strøymer til møta, og mange vert «frelste». Han er, når sant skal seiast, ikkje særleg godt kjend i Bibelen – men orda kjem til han medan han står på preikestolen: «Det var *ånda* som verka det! *Talsmannen*, målsmannen!» (s. 115)

Han tenkjer stadig på at han kunne ha gifta seg med Randi, som har tatt seg av borna hans, og som han set høgt – men så er det ulike prosjekt som gjer at ei slik avgjerd vert utsett. Fyrst er det predikantkallet – og so er det ei anna kvinne som kjem i vege, «bedehus-sytera» Amanda Paulsen. Henne har han ei erotisk oppleving med – noko han overfor seg sjølv legg mykje energi i å framstilla som motviljug. Hendinga får òg andre konsekvensar. Han brukar den gamlestamentlege forteljinga om Samson og Dalila som tolkingsnøkkel – og får ei sterk kjensle av at han har «mist styrken sin, liksom Samson». «Ånda» er ikkje lenger so «viljug som før».

*Tvo herrar* sluttar med at han endå ein gong stør seg til Mammon. Enka Andrea Jonasen, som han har møtt på vekkingsferdene sine, blir «løysinga». Ho eig ein gard med skog litt lenger aust, og ho er likna for 30 000 i protokollen! Han frir til henne, og dei blir eit par. Dette giftarmålet kan òg tolkast som ei flukt. Randi har venta på han, og ho kunne – som Peer Gynts Solveig – ha berga han og gjort han «heil». Dette har tilhøvet til freisterinna Amanda Paulsen gjort umogleg.

Den tredje delen av romanen, *Vegvill*, kom ut i 1917 – og vi følgjer Tore fram til han døyr, brått og uventa. Alliansen med Andrea Jonasen framstår som eit slags fornuftsekteskap. *Han* kjem seg unna det som er blitt uløseleg problematisk, og den nye kona er eit godt parti reint økonomisk. *Ho* får hjelp til å driva garden og «ein mann å rådføra seg med». Sett med Tores blick er det berre *ei* hake ved det heile: Andrea har ein 10 år gamal son som er psykisk utviklingshemma, og han passar ikkje inn i Tores tankar om framtida. «Bytingen» kallar han denne guten – eller «fåmingen». Ein dag druknar guten i ei elv, og Tore er indirekte skuldig i hendinga – noko som set seg som eit stort gnagsår i samvitet.

Etter som tida går, skjer det ei forsoning mellom Tore og faren, som no er blitt gammal og skranten. Tore reiser oftare og oftare heim til Herdal og arbeider med eit nybrottsprosjekt på farsgarden. Han eig ikkje det same initiativet på den garden han har gifta seg til. Der slit han med rastløyse og tunge tankar. I eit forsøk på å finna harmoni, sel han og Andrea garden og kjøper seg ein ny gard lenger aust.

Ei kort stund er Tore oppglødd over tilveret på den nye garden, men kjensla av å vere vegvill er aldri langt borte, og i periodar er han sterkt plaga av religiøse grubleri. Vegvill-motivet vert forsterka ved at det mellom nokre amerikanske gjester som oppheld seg på garden ei tid, er ei dame – miss Smith – som er sterkt influert av teosofiske og spiritistiske spekulasjonar. Tore blir påverka av idéane hennar – og ein dag har ho fått ei «openberring» om at han skal skilja seg frå Andrea og gifta seg med henne. Om vi endå ein gong dreg inn Peer Gynt-parallellen, er det kan hende mogleg å tolka miss Smith som ein variant av «den grønnklede». Andrea greier med naud og neppe å få sendt dama ut or huset før Tore blir heilt fortrolla – men tungsinnet, samvitsgnaget og rastløysa blir han ikkje kvitt.

Den nye garden er gild, med «store, steinfrie vollar», «maskinland» og «stutt veg til stasjonen og mjølkeverket» – men mentalt kan han ikkje lausriva seg frå Herdal. Han finn ikkje ro, ordnar med ein forpaktar som kan hjelpa Andrea og reiser heim til farsgarden. Påskotet er at faren treng hjelp, men når faren døyr, blir han likevel verande for å driva garden saman med den halvaksne sonen Jon – og Randi, som framleis bur der. Dottera Torborg har flytta aust til stemora Andrea, og på romanens siste blad får vi vita at ho skal gifta seg med forpaktaren. *Vegvill* - og dermed heile trilogien – tonar ut i to stutte setningar som kjem brått på lesaren: «Neste morgon låg han død i senga. «Slag», sa dokteren». Tore Herdals kompliserte liv var komen til vegs ende.

Om korleis idéen til Tore Herdal-soga kom til han, skriv Seland i *Aar og dagar*:

– Ho fortalde meg ein gong nokre sogor, ei gamal kone innpaa heidi millom Lyngdal og Fedra. Dei laag i meg stødt og eg visste eg hadde emne til ei bok, men ho tyktest meg so saar aa skriva, og eg kvidde meg i det lengste. (Seland 1931: 164)

Kvifor var det so vanskeleg å skriva denne soga? Det gjev ikkje forfattaren noko heilt konkret svar på – men det er rimeleg å gå ut frå at det hadde noko med lagnaden til hovudpersonen å gjera. Tore Herdal er på fleire måtar annleis enn dei andre figurane i Seland sitt romanunivers. Meir ustyrlig. Ja, vi kan få eit inntrykk av at forfattaren ikkje heilt rår med han. Ved dei krossvegane han møter i livet, vel han annleis enn han burde – og slik sett vert han ingen «helt». Det er lite ved Tore Herdals lagnad som er oppbyggjeleg. Var det difor det var so vrient å fortelja om han? Passa han ikkje inn i forfattaren sitt anti-naturalistiske prosjekt? På fleire måtar kan jo Tore Herdal oppfattast som eit produkt av arv og miljø, sjølv om ansvaret for dei feilvala han gjer, ikkje blir teke frå han. På eitt vis kan ein vel òg seia at trilogien får ei form for harmoniserande avrunding – men då *utanfor* Tore Herdals eigen livslagnad. Vi anar nemleg at sonen Jon kjem til å føra slektsarven vidare som bonde på Herdal – og drifta den nye garden austpå blir ført vidare av dottera Torborg og mannen hennar.

Eit sertrekk ved Tore Herdal-trilogien er elles den rolla kvinnene spelar. Det er dei, fyrst og fremst Johanna, Randi og Torborg (men òg til ein viss grad Andrea og Tore si mor), som held ideala i hevd – ideal som nestekjærleik, truskap og pliktkjensle.



HANS SELAND OG DØTRENE Målfrid og Solveig måla omkring 1900 av Frida Rusti (1861–1963).

### Barnebokforfattaren

Seland var ein av pionerforfattarane innanfor den nye, realistiske barnelitteraturen som vaks fram rundt førre århundreskifte (den sokalla «gullalderen») – saman med andre nynorskforfattarar som Rasmus Løland og Per Sivle, og bokmålsforfattarar som Gabriel Scott, Dikken Zwilgmeyer og Hans Aanrud. Sonja Hagemann skriv mellom anna dette i *Barnelitteratur i Norge 1850–1914*:

Hans Seland (1867–1949) står for ettertida som typen på en lys og glad barnedikter. Men den første boken han skrev, danner en dyster bakgrunn for den trygge tilværelsen hans egne småjenter vokste opp i, slik han har skildret den i *Prinsesse Gullsko og systrene hennar* (1901). Lite kjent er vel i dag Seland's første barnefortelling, *Ein liten gut* (1891). Nå kan det kanskje diskuteres om dette er en fortelling for barn, eller om det bare er en fortelling om barn. Men for barn som vokste opp under pietismens syndeskyld og helvetesfrykt måtte den fortone seg som en skildring av deres egen virkelighet. Den skal da også etter hva Einar Arne opplyser i sin Seland-biografi være bygget på barndomserindringer. Sjelden er et barns religiøse anfektelser og kampen for å komme til rette med Gud blitt skildret så intenst og skremmende. (Hagemann 1974: 136.)

Så kan ein jo spørja om *Ein liten gut* eigentleg er ei barnebok, og Sonja Hagemann er sjølv inne på at det kan diskuteras. Likevel er det den boka ho brukar mest plass på – i tillegg til *Prinsesse Gullsko og systrene hennar* (1901). Korkje Morten Ringard eller Einar Arne omtaler *Ein liten gut* som ei bok for born. Arne Garborg likte boka, og han skreiv ei svært positiv melding:

Jeg har ingen anden Idé om Hans Seland end den, jeg har fåt ved at lese hans Bog. Men så er jo denne også virkelig istand til at vække Interesse for sin Forfatter. (...)  
Den lille Gut er meget sikkert tat på Kornet; jeg kjender ham godt. (Ringard 1949: 34–35.)

Ja, Garborg kjende seg nok att i denne guten. Han hadde jo sjølv vakse opp i eit liknande miljø. Seland skreiv en oppfølgjar av *Ein liten gut* året etter – *I straumen* – der vi følgjer Jakob Litlebø, som guten heiter, fram til vaksen alder.

Den mest kjende av Hans Seland's barnebøker er den allereie nemnde *Prinsesse Gullsko og systrene hennar*. Ja, det er truleg den boka i heile forfattarskapen som har nådd lengst ut. Ho er òg omsett til svensk, og den førebels siste utgåva på norsk vart utgjeven i 1967 – 66 år etter fyrsteutgåva – med illustrasjonar av den kjende, svenske teiknaren Ilon Wikland. Språket er her noko modernisert. Førelegget til denne boka er småforteljingar Hans Seland dikta

HAN SELAND SKREIV FLEIRE barnebøker, mellom anna *Prinsesse Gullsko og systrene hennar* (1901). Teikninga er laga av Ilon Wikland. Noregs boklag 1967.



til den eldste dottera si. Frå og med andreutgåva har han føydd til ein ny del, «Ikorn-Ungane», opphavleg fortald til dotter nummer to. Sonja Hagemann karakteriserer boka mellom anna slik:

Her som i sine beste bøker for voksne er han en utpreget heimbygdskviter. Men det han vet om barns atferd og tanker, er av så almenmenneskelig art at denne boken har trosset både tid og landegrensar.

(...)

Vi får den harmoniske utviklingen hos en ganske alminnelig småjente. Her er en fornuftig arbeidsdeling, hvor barna naturlig vokser seg inn i gårdens arbeidsliv.

(...)

...den lyser av fortellerglede og røper at Seland er en fin stilist.


(Hagemann 1974: 138–139.)

Dei originale dyreforteljingane i *Dagros og andre dyr; sogor for born* (1907) er, underleg nok, ikkje omtalte hos Hagemann. Det er dyra sjølv som tenkjer og taler i desse forteljingane. Her har Seland lånt inspirasjon frå tradisjonen, t.d. frå «Æsops fablar» og norske dyreeventyr, samstundes som denne boka peiker framover mot ein måte å bruka dyr i forteljingar for born på som skulle koma til å bli populær fleire tiår seinare. Rett skal vere rett: Seland var ikkje den einaste som gav dyr ei eiga røyst i denne perioden. Gabriel Scott gjorde det òg – i *Sølvfaks*, boka om katten som, misnøgd med menneska sine, «reiste ut i den vide verden». Seland var likevel fyrst ute, sidan *Sølvfaks* kom i 1912.

### Sogeforteljaren og humoristen

Hans Seland var ikkje berre ein skrivande forfattar. Han var også ein framifrå forteljar – og i mange år reiste han land og strand rundt og formidla sine særreigne «hikstrier» (historier til å «hiksta» av) og «moro-stubbar». Han samla fulle hus so vel i ungdomslag på bygdene som i hovudstaden. Ja, det vert hevda at han var landets mest populære forteljar i si tid. Hans mange turnéar fungerte som eit slags «einmannsteater».

Kan henda var han vår første «standup-komikar»? Også i det norsk-amerikanske miljøet i Amerika, der han var i åra 1903–1904, gjorde han stor suksess. Folk strøymde



HANS SELAND REISTE MYKJE rundt i Noreg og fortalde «moro-stubbar» og «hikstrier» (historier til å «hiksta» av). Her er nokre av forteljingane samla i boka *Moro-stubbar*, utgjeve fyrste gongen i 1942.

til forteljarkveldane i storbyar som New York, Chicago og Minneapolis. I *Aar og dagar* fortel han sjølv at han vitja i alt 70 byar «over there».

Hans Seland hadde fyrst og fremst eit godt øyre for den slagferdige replikken. Desse munnlege forteljingane var ikkje noko han dikta i hop. Han samla på gode historier som han gav ei personleg og pregnant form. La oss ta med eit døme på ein av dei kortaste stubbane:

Ei lærarinne i Trondheim hadde fått ein ny gut i klassa då skuleåret tok til. Han såg henne ut til noko kvart, og ho vilde fuske ut om han kunde noko på førehand. Kom fram med ei stavebok og synte han ein stor A. Spurde om han visste kva denne heitte. Guten granska bokstaven lenge og vel. Så såg han på henne.

«Eg skal mest forbanna meg på at det er spar ess!»

(Seland 1950: 50.)

I løpet av ein periode på 50 år (1892–1942) gav han ut fleire av «hikstrierene» i bokform, slik at folk også kunne lesa dei. Når det gjeld motivasjonen for forteljarverksemda, presenterer han den som to-delt i sjølvbiografien *Aar og dagar*: «Eg rekna ferdi for ei missionsferd for hjartesaki mi, samstundes med at ho gav meg mynt». (Seland 1931: 67) Og med «hjartesaki» meiner han her målsaka.

### Sakprosaforfattaren

Hans Seland utfalda ei omfattande verksemd òg som sakprosaist – i fyrste rekke som skribent og journalist i nynorske blad og tidsskrift. Dei viktigaste av desse var *Fedraheimen*, *Den 17de Mai*, *Syn og Segn* og *Nordmanden*. Her synte han eit tydeleg og sterkt samfunnsengasjement. Det gjorde han òg i den såkalla «Hetlesaka» – om eit justismord der han i mange år arbeidde for å få saka til dei dømde opp for retten på nytt. Denne kampen oppsummerte han i boka *Hetlesaka som gjekk i 40 år. Noregs raraste rettssak* (1947). Seland's engasjement i Hetle-saka fell litt utanfor den meir avgrensa litterære ramma for denne artikkelen, men det er eit godt døme på hans aversjon mot urett – på rettferdssøkjaren Seland.

Sjølvbiografien *Aar og dagar* er nemnt fleire gonger. Ei bok som ligg nær opp til den,



HANS SELAND VAR SKRIBENT i fleire nynorske blad, som *Fedraheimen*, *Den 17de Mai*, *Syn og Segn* og *Nordmannen*. Dette gjorde han til eit kjent namn hjå landsmålsfolket i Noreg.



er reiseskildringa *Um Amerika og frendefolket i Vesterheimen* (1904). Denne boka skreiv han rett etter at han var komen heim frå den omtalte forteljarturnéen, som han hadde fått finansiert ved hjelp av eit lite forfattarstipend. Allereie fleire år før denne Amerika-ferda var Hans Seland's namn kjend i det norsk-amerikanske miljøet, særleg i dei gruppene som aktivt dyrka landsmålet:

...i 1897 presenterte den reformvennlige Hans A. Foss landsmaalsforfatteren Hans Seland som føljetong i *Nye Normanden*. På den måten uttrykte de sin støtte til landsmaalet. De så på den kulturen som sprang ut fra det som et mer ekte norsk alternativ til de dansk-norske litterære formene (Lovoll 2012: 245.)

Det fyrste møtet med New York gav eit imponerende inntrykk. Seland skriv:

...du veit ingenting heime å samanlikna med. Du vert mest redd naar du gjeng i dei største ferdslé-gatorne; for her treng ein i grunnen augo baade bak og framme. Fatig og liten gjeng du fraa under til under, det eine berre endaa meir utruleg enn hitt. Og ingen ende ser det ut til aa vera paa rikdomen og magti. (Seland 1931: 14.)

Han kjem inn i eit varehus, og kva får han sjå der? Ei trapp som «gjeng av seg sjølv»! «Det er berre aa stiga burt paa eit trin og so staa still. So stig me av i neste høgdi» (s. 15). Jau, det er mykje å verta imponert over i Amerika, og Seland møter berre godhug i alle dei norsk-amerikanske miljøa han vitjar. Han finn dei fleste utvandrarane like norske som han sjølv, og mange av dei gjev uttrykk for heimlengt. Litt annleis er det med nokre av dei yngre, og han anar konturane av ei framtid der kontakten med «frendefolket» vil svekkjast. Dessutan er han kritisk til pengemakta – og til ei utvikling der framgangen kjem for lett:

Eg sa det stundom til dei derburte – halvt i spøk og halvt i alvaar – at dei hadde snart allting for godt innreidt, for lettvind; ætti maatte bli dum naar ho hadde butt eit hundrad aar til i landet. For det er vanskarne aa takka at verdi fær sjaa storverk. Det er vanskarne som vekkjer tiltakshugen og bryner oppfinningsaanden; det er dei som gjer tanken snar og viljen seig og armen sterk og foten stød. Te færre vanskar, te større likesæle. (Seland 1904: 47.)



HANS SELAND VAR MANN for sin diktarhatt. Han var i Amerika to gonger og blei eit kjend namn i dei norsk-amerikanske miljøa, særleg i dei gruppene som aktivt dyrka landsmålet.

Hans Seland var i Amerika to gonger. Andre gongen var i 1925, då han var Noregs Bondelags utsending til 100-årsfeiringa av den norske utvandringa. Også etter den ferda skreiv Seland bok der utvandringa vart tematisert – ein roman denne gongen: *Eventyret. Ei utvandrarssoga* (1926). Hovudpersonen er Knut, som har sett seg lei på dei fattigslege tilhøva på heimegarden: «Sjaa heime; gamalt hus og gamaldagse uthus. Vatnbering heile vinteren». (Seland 1926: 19.) Fleire han kjenner, mellom anna ein morbror, har reist over Atlanteren for å søkja betre tilhøve. Han vil freista det same – ikkje for å bli verande der, men for å leggja seg opp pengar til å setja heimegarden i betre stand. Dei fyrste inntrykka av gardane i Midt-Vesten er overveldande: «Du for aakrar, du for viddor!». Etter kvart oppdagar han at utvandrarane likevel ikkje er lukkelege. Heimlengten kjem, sterkare og sterkare over han – men heim kjem han aldri. Ein månad før den planlagde heimferda dør Knut i spanskesjuka.

Den djupe emigrasjonsskepsisen som Seland gjev uttrykk for i denne boka, finn vi mange stader i forfattarskapen. Som vi har sett, var den òg tydeleg i Tore Herdal-trilogien. Amerika representere draumen om eit betre liv, men det er ein *individuell* draum – frikopla frå den større samanhengen kvart individ er fødd inn i. Mot dette stiller Seland opp eit anna ideal: Plikta andsynes ætt, arv og heimejord. Om ho er skrinn, er nærleiken – og kjærleiken – til jorda ein umisteleg verdi. I Seland's bøker er det den sørvestlandske garden med sine små åkerlappar, heier og steingjerder som er arenaen der samanhengen finst. Ei verseline frå Hans Seland's mykje yngre forfattarkollega Paal-Helge Haugen kan vera eit relevant bilete her. I si «Setesdals-diktsamling» *Steingjerde* (1979) skriv han: «det var steingjerda som batt verden saman».

### Språksyn, samfunnssyn, livssyn

«Den nynorske litterære institusjonen» er ein litteratursosiologisk term som vert nytta i ei hovudfagsoppgåve frå 1982 av Sigrid Arne: *Hans Seland's forfattarverksemd i høve til ein alternativ nynorsk litterær institusjon rundt hundreårsskiftet*. Det er dessutan sett som overskrift på eit kapittel i Idar Steganes bok *Det nynorske skriftlivet. Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjonen* (1987). «Den litterære institusjonen» er eit omgrep som omfattar alt som har med litteraturen sitt krinslaup å gjere: Forfattarar, forlag, kritikarar, tidsskrift og kjøparar.

Idar Stegane syner i *Det nynorske skriftlivet* kva for viktig rolle entusiastane spelte i utviklinga av ein eigen *nynorsk* litterær institusjon på Hans Seland's tid – og ein av dei entusiastane han dreg fram, er redaktøren og forleggjaren Mons Litleré (1867–1895) frå Naustdal i Sunnfjord. Ein av hans viktigaste «forretningsidéar» var å bruka omreisande kolportørar til å driva oppsøkjande sal av landsmållitteratur. Litleré vart ein viktig døropnar inn til litteraturen for Hans Seland, særleg fordi Seland var ein av dei som melde seg då Litleré «lyste etter folk som var viljuge til å gjesta bygdene med bokskreppa». (Stegane 1987: 86.) I åra 1889–1892 reiste så Seland rundt både i Nordfjord og Telemark med «bokskreppa» si. Det var på desse ferdene han snappa opp mange av dei «hikstoriene» han fekk forteljarsuksess med.

Ei grunnleggjande problemstilling i Sigrid Arnes hovudfagsoppgåve er om den nynorske litterære institusjonen rundt førre hundreårsskifte kan kallast *alternativ*, noko ho svarar ja på. Det er både tale om eit eige krinslaup og ei eige ideologisk føring. Dette


siste går på at det innanfor denne institusjonen vart utvikla eit sams normsystem, der det overordna målet var å ta nynorsken i bruk på flest moglege område. (S. Arne 1982: 35.) Ho meiner dette kan ha vore medverkande til at mykje av den nynorske litteraturen frå denne tida – mellom anna Hans Selands forfatterskap – er vorten temmeleg marginalisert i den nasjonale litteraturhistorieframstillinga. Det er eg overtydd om at ho har rett i. Samstundes kan ei marginalisering også ha vore knytt til sjølve det ideologiske prosjektet, at kulturpolitiske omsyn kan hatt prioritet framfor dei meir kunstnarlege hjå forfattarane sjølve.

Kva for idéverd er det elles vi møter i Hans Selands forfatterskap – i tillegg til det reinte målpolitiske? Eg har allereie vore inne på det i samband med synet hans på emigrasjon. Som forfattar såg han det som viktig å skildra den sørvestlandske bondekulturen og gje han litterær status. No er det sjølvsagt ein balansegang å skulle dyrka ætt, arv og jord utan å hamna i eit altfor tydeleg «Blut und Boden»-univers, slik vi ser tendensar til mellom anna hos Knut Hamsun (*Markens grøde*, 1917). Det som «bergar» Seland frå å hamna på «feil» side her, trur eg kan ha noko å gjere med at hans realisme var så sterkt knytt til det kvardagslege – til bonden i liv og arbeid, og ikkje til ein meir metafysisk-mystisk idé om Bonden (med stor B), som nok blei dyrka i delar av bonderørsla i mellomkrigstida – og som blei ein fiks idé hos den antimoderne Hamsun.

Når det gjeld Hans Selands livssyn, kan vi observera gong på gong at han i bøkene sine kastar eit svært kritisk blikk på den sørvestlandske kristendomen han vaks opp med – og som eit attråverdig alternativ til den strenge, kravstore Jahve stiller han opp ein mildare og meir tolerant Vårherre – eller sagt på ein annan måte: Den sørvestlandske pietismen vik plassen for ein mogleg grundtvigiansk inspirert folkekyrkjekristendom. Eit stikkord han sjølv nemner i mange samanhenger, og som han meiner bør vera overskrifta, så å seia, både i dei små og i dei store samanhengane (t.d. i politikken), er neste-kjærleik.

### Eit nytt liv for diktaren Hans Seland?

Er Hans Selands mangslungne forfatterskap framleis «liv laga»? Her kan ein nok ikkje svara korkje eit klårt ja eller eit klårt nei. Mange av bøkene vil nok for dei fleste lesarar i dag kjennest som relativt utdaterte. Hovudgrunnen til det er at dei er so sterkt knytte til si tid – og til den alternative litterære institusjonen dei var ein del av (S. Arne 1982). Det gjeld nok også dei fleste av «hikstoriene», og i det tilfellet må vi også trekkja inn at



HANS SELAND VAR OGSÅ POLITISK OG SOSIALT ENGASJERT. I åra 1915–18 var han vararepresentant til Stortinget for Venstre, i åra 1921–24 for Bondepartiet. Lokalt var han medlem av Nes heradstyre og kommune- og bankrevisor i 30 år.

humoren har endra seg mykje sidan Selands lattervekkjande forteljarferder. Vi ler rett og slett ikkje av dei same vitsane i dag.

Likevel vil eg påstå at det beste av det Seland skreiv, framleis står seg litterært. Sjølv er eg – som notidslesar – djupt fascinert av Tore Herdal-trilogien, og eg har òg tru på at dei beste barnebøkene hans, det vil i praksis seia *Prinsesse Gullsko* og *Dagros og andre dyr*, kan vekke interesse. Det vil nok krevja både eit tiltalende bokutstyr og eit modernisert språk, sidan både våre estetiske ideal og nynorsken har forandra seg temmeleg sterkt gjennom dei siste generasjonane. Er det nokon som ser potensialet og kjenner kallet?

### KJELDER

- Arne, Einar: *Hans Seland. Diktaren og mennesket*. Noregs Boklag 1966.  
 Arne, Sigrid: *Hans Selands forfattarverksemd i høve til ein alternativ nynorsk litterær institusjon rundt hundreårsskiftet*. Hovudfagsoppgåve, UIB 1982.  
 Hagemann, Sonja: *Barnelitteratur i Norge 1850–1914*. Aschehoug 1974.  
 Lovoll, Odd S.: *Norske aviser i Amerika*. Scandinavian Academic Press 2012.  
 Ringard, Morten: *Hans Seland. En profil*. Cammermeyers Bokhandel 1949.  
 Seland, Hans: *Dagros og andre dyr. Sogor for born*. Olaf Norlis Forlag 1907.  
 Seland, Hans: *Ein liten gut*. I kommisjon hos Mons Litleré 1891.  
 Seland, Hans: *Eventyret. Ei utvandrarsoga*, Olaf Norlis Forlag 1926.  
 Seland, Hans: *Høgsumar*. Olaf Norlis Forlag 1903.  
 Seland, Hans: *Moro-stubbar*, Fonna forlag 1950 (første utg. 1942).  
 Seland, Hans: *Prinsesse Gullsko og systrene hennar*. Noregs boklag 1967 (første utg. 1901).  
 Seland, Hans: *Søren Lande. Bygdelig på Vest-Agder*. Fonna forlag 1942 (første utg. 1895).  
 Seland, Hans: *Tore Herdal*. Noregs Boklag 1966 (første utg. i tre bind: *Synkvervd*, 1902; *Tvo herrar*, 1911 og *Vegvill*, 1917).  
 Seland, Hans: *Um Amerika og frendefolket i Vesterheimen*. Olaf Norlis Forlag 1904.  
 Seland, Hans: *Ungdom. Espen sine songar*. Haugesunderens trykkeri 1890.  
 Seland, Hans: *Aar og dagar*. Olaf Norlis Forlag 1931.  
 Stegane, Idar: *Det nynorske skriftilivet*. Det Norske Samlaget 1987.  
 Time, Sveinung: «Hans Seland. Bonde og forfattar». *NBL*, nettutgåva (publ. 13.02.2009).  
 Uppdal, Kristofer: *Om dikting og diktalar* (v/Leif Mæhle). Det Norske Samlaget 1965.

Av Hans Selands egne bøker er det berre tatt med dei som er omtala i artikkelen.